

---

Vår ref. 23/52254-24/176542

Saksbehandler Hilde Andersen

Dato 16.12.2024

---

## Referat møte i skoleutvalet 13.12.24

### **Kombinert møte med tema skolemiljø og julelunsj**

#### **Møtt:**

- Elevar: Thor Alfred Lediard - 1ST (leiar elevråd), Jonas Bolli – 1BA (nestleiar elevråd), Andrea Lien 2HE (styremedlem elevråd), Lars H. Halle 1TP (styremedlem elevråd).
- Føresette: Rakel Polden (vg1) – leiar skoleutvalet og Anita Stavik (vg2).
- Samfunnkontaktar: Hugo Pedersen (ordførar Surnadal kommune, vara for Silje Storsand Ustad - HR-sjef Pipelife) og Mons Otnes (kommunedirektør Rindal).
- Representant for skoleeigar/fylkeskommunen: Hilde Andersen (referent skoleutvalet)

#### **Forfall:**

- Tilsette: Erik Erland Halle (vara frå organisasjonen)

#### **Agenda:**

- Skolemiljø
- Evt.

#### **Skolemiljø**

Agenda før møtet er skolemiljø, for å følge opp tema som skoleutvalet sjølv har meldt inn. Kva ynskjer skoleutvalet at skal prioriterast innafor skolemiljø?

Elevrådet presenterte saker dei vil prioritere, henta frå samla oversikt over saker frå klassane.

- Fleire sitteplassar i fellesareala. Elevrådet har fridd til næringslivet for å høyre om dei har avglate møblar til overs.
- Prioritere trafikksikkerheit på Øye området.
- Betre løysing for oppbevaring av klede. Opprinneleg ønske om fleire knaggar på klasseromma. Mange klasserom har ikkje plass til dette, vi er derfor no i ferd med å heller undersøkje moglegheita for låsbare elevskåp. Vi supplerer med knaggar i korridorane dersom dette lar vente på seg.
- Stort behov for maling på klasserom i kjellaren i yrkesfagbygget.

Rektor gjekk igjennom skolen sin standard for skolestart med mål om ei trygt og god skolemiljø

**Skoleutvalet vil prioritere:**

- Det viktigaste er å arbeide for null mobbing i alle ledd, ei tydeleg forventing om dette.
- Standarden for skolestart med mål om ei trygt og god skolemiljø og arbeidet kring denne må vera meir enn berre «tomme ord», må følgast opp jamleg på alle nivå.
- Må koplast til arbeidet med å få ned skolefråværet.
- Trivsel er essensielt! For at elevar skal velje Surnadal vgs må dei trivast her.
- Vi må ha mål om eit raust miljø, kor det er plass til alle.
- Ynskjer spesielt å følgje opp problematikken med jentegrupperingar.
- Foreldrerepresentantane ynskjer å aktivt bidra i arbeidet. Foreldra er viktige!
- Foreldrerepresentantane er bekymra for ungdomsmiljøet. Ønske om å arbeide heilsakleg for dette både i Surnadal og elles i regionen

**Eventuelt**

- Status skolestruktur: Oppstartmelding ny skolestruktur vart vedteke i Fylkestinget 9. og 10. desember. Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget er allereie i gang, skal sendast på høyring 1. juni. Ny skolestruktur skal vedtakast i Fylkestinget i desember -25 og etter plana vera gjeldande frå skoleåret 26-27. Rektor vil orientere nærmare om saka i første møte etter jul.

Hilde Andersen

referent